

(Kommune)

LINDÅS

ARKIV

FERDIGATTEST

etter plan- og bygningslova av 14 juni 1985, § 99 nr. 1

Møldar

Fjogstad A/S  
Strandgt. 21  
4300 SANDNES

Byggherre

Kari Thomassen og  
Arild Stangeland  
Oterdalen 11,  
5100 ISDALSTØ

FERDIGATTEST ER GITT FOR

Eigedom, byggjestad	Gnr.	Bnr	Festenr.	Seksjonsnr.
Knarvik felt E, Såta II	188	588		

Dykkar søknad	Date	04.11.88
Kva slag arbeid		Nybygg
Kva slag bygg		Bustad m/ kjellarhusvære
Behandling/ vedtak	Vedtak dato	Saksnr.
Bygningssjefen	01.12.88	D-186/88
Merknader	<p>Vi har kontrollert arbeidet i samsvar med pbl. § 99.</p> <p>Det er ikkje funne noko som strir mot vilkåra i byggjeløyvet eller gjeldande føresegnene i bygningslovgjevinga.</p> <p>Bygningen eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna foremål enn det byggjeløyvet gjeld for. Bruksendring krev særskild løyve, jf. pbl. § 93</p> <p>Evt. merknader:</p>	

UNDERSKRIFT

Stad	Dato	Sign.	Stempel
Knarvik	13.09.94	<i>Asbjørn Hauken</i>	LINDÅS KOMMUNE Teknisk-sjef

KOPI SENDT	<input checked="" type="checkbox"/>	ansvars- havande	Namn	Nils Markussen c/o Fjogstad, Strandgt.21,4300 Sandnes
	<input checked="" type="checkbox"/>	andre	Namn	Lindås Folkeregister
			Adresse	5100 Isdalstø
			Adresse	
			Namn	Adresse

K-blankett 5139 M Forlag: Søm & Stenrøen A/S, Oslo 6-87



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

STANGELAND ARILD  
OTERÅSEN 11

5100 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.  
LJH/94/2363/188/588/01

Dato: 13.09.94

**SAK 197/94 STANGELAND ARILD - GNR. 188, BNR.588 -  
BYGGESAK - INNREIING - LOFT I BUSTADHUS**

Saka er handsama av teknisk sjef etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Søknad om byggeløyve datert 12.08.94  
kvittering for sendt nabovarsel  
situasjonskart i M= 1:1000  
teikningar i M=1:50, 1:100  
skriv datert 12.08.94 frå Arild Stangeland

Saksutgreiing: Søknaden gjeld innsetjing av vindauger i begge gavlane og innreiing av loftshøgda i bustaden.


VEDTAK:

Søknaden om byggjeløyve vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Det må monterast røykvarslar i gangen B.F.kap. 31:4.

Teknisk sjef godkjenner Arild Stangeland som ansvarshavande for heile byggearbeidet. (PBL § 98).

For teknisk sjef

  
Lars Johan Haukås  
forvaltningssjef



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

STANGELAND ARILD

OTERÅSEN 11  
5100 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.  
LJH/94/2363/188/588/01

Dato: 24.08.94

**STANGELAND ARILD - GNR. 188, BNR. 588 - SÅTA II.  
FASADEENDRING PÅ BUSTAD, MELDT ETTER § 86A I  
PLAN- OG BYGNINGSLOVA. (VINDAUGE I GAVL OG TAK)**

Meldinga Dykkar om mindre byggjearbeid etter Plan- og bygningslova § 86a vart motteke på teknisk etat den 15.08.94, vedlagt brev dat. 12.08.94. Som svar på det De skriv i brevet, kan nemnast at vi ikkje kan sjå at det er kome melding om dette tidlegare; det er ikkje registrert i elektronisk postbehandling, og der finst ikkje noko i arkivet som tyder på dette.

Då det ikkje følgde situasjonsplan med meldinga, har vi lagt til grunn den situasjonsplanen som i si tid galt for bustadbygget frå 1989.

Teknisk sjef har ingen merknader til byggjearbeidet, men De må venta til fristen for naboane til å komma med merknader har gått ut (14 dagar) og til sakshandsamingsgebyr er betalt, før De set i gang arbeidet. Som dei fleste andre kommunar praktiserer også Lindås kommune førehandsinnkreving av gebyr for sakshandsaming. Dette vert gjort med heimel i § 109 i Plan- og bygningslova, og vi viser også til kommunen sitt gebyrregulativ pkt. 7 A, vedteke av Lindås kommunestyre.

Dette inneber at saker vanlegvis ikkje vert handsama før gebyr er betalt. Med bakgrunn i dette tillet vi oss å sende Dykk rekning på gebyret, som vert:

Byggesakshandsaming etter § 86A kr 320.

Rekninga vert sendt frå økonomikontoret til Dykk i slutten av veke 34.

Vi rår Dykk til å ta kontakt med teknisk etat omlag den 29.08.94 for å forsikra Dykk om at det ikkje har komme innvendingar som krev at saka må handsamast som søknad om byggjeløyve etter PBL § 93.

Vidare gjer vi merksam på at De som byggherre er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Lukke til med arbeidet!

Når det gjeld feridgattest for huset Dykkar, må De stadfesta at pkt. 1, 2 og 3 i bruksløyvet, datert 13.07.89, er fullført, så vil ferdigattest kunna gjevast. De kan vende Dykk til forvaltningssjef Lars Johan Haukås. Venligst oppgi mappenummeret Dykkar som er 188/588/01.

For teknisk sjef

  
Hildur Halland  
fullm.

Vedlegg: Kopi av mellombels bruksløyve.